

NVE Konesesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

15.07.2016

NVE ref.: 200803245-26 kv/lph

Nyasetdalen kraftverk – plassering av inntak og stasjon.

Nyasetdalen kraftverk fekk konsesjon 15. mars 2013. Sidan avløpet frå kraftstasjonen går direkte ned i bekkeinntaket til Feios kraftverk har Sognekraft utsett vidare planlegging av Nyasetdalen kraftverk til den endelege konsesjonen for Feios kraftverk var avgjort. Denne er no på plass og Sognekraft har gjennomført oppmåling i inntaksområdet samt langs røyrgatetrasèen og i stasjonsområdet.

Plassering av dam/inntak.

Etter nøyaktig oppmåling med profesjonelt målestyr viser det seg at inntaksområdet som er beskrive i konsesjonssøknaden ligg på kote 800. I synfaringane som vart utført i samband med konsesjonen vart det bruk håndholdt GPS og desse registreringane var openbart feil.

I konsesjonen står det at inntaket bør flyttast lenger ned. I forhold til området som er beskrive i søknaden (kt 800) vil eit inntak på kote 770 tilfredstille dette kravet. Men kostnadskalkylen for prosjektet viser at prosjektet vanskeleg let seg realisere med eit inntak på kote 770. Sognekraft ynskjer difor å få godkjent ei inntaksplassering ca på kote 795. Det vart påpeika under synfaringa med NVE at den omsøkte plasseringa låg på eit høgdedrag i terrenget og ville såleis vere skjemmaende frå fleire synsvinklar langs dalføret. Men ved å flytte inntaket ned på kote 795 vil inntaket liggje i eit søkk i terrenget og ikkje vere så dominerande i landskapet som det som var omsøkt. I vedlegg 1 er den tenkte damkrona teikna inn. På same bildet er det teikna inn topp dam slik det var omsøkt. For å gjere dammen mindre synleg/dominerande kan damhøgda reduserast til 3 meter. Sjølv om området framstår som relativt ope så er det bjørkeskog på alle sider og det er sannsynleg at heile området vil bli ytterlegare attgrodd om nokre år. Damstaden vil då framstå som mindre synleg i terrenget.

Plassering av kraftstasjonen.

Som nemnt over går vatnet frå avløpet direkte ned i bekkeinntaket til Feios kraftverk. Denne sjakta går ned til ein overføringstunnell mellom Storelvi og Åfetelvi som ligg på kote 430. I samarbeid med konsulent og entreprenør har Sognekraft gjort nye vurderingar for å optimalisere plasseringa av bekkeinntaket og kraftstasjonen. Vurderingane viser at det er muleg å plassere bekkeinntaket på ca kote 440. Med bekkeinntaket på kote 440 vil avløpet frå kraftstasjonen kunne liggje på kote 443. Sognekraft ynskjer difor å flytte kraftstasjonen frå kote 470 til kote 443. Området mellom desse stadane er prega av tett vegetasjon og mindre opne parti mellom elva og skogsvegen og desse to stadane framstår som relativt like i terrenget (sjå bilde i vedlegg 2). I tillegg har Nyasetdalen kraftverk eit høgare krav til minstevasslepp (100 l/s om sommaren) enn Feios kraftverk har for dette

bekkeinntaket (50 l/s). På strekninga mellom kote 443 og 470 vil det altså bli større minstevassføring viss Nyasetdalen kraftverk får flytte stasjonen ned til kote 443. Dette talar for at flyttinga av stasjonen har liten eller ingen konsekvens for naturverdiane og miljøet.

Konklusjon

Vilkåra som er gjevne i konsesjonen reduserar produksjonen for kraftverket til ca 4,5 GWh. Med dagens byggeprisar vil det gje ein utbyggingspris på over 6 kr/kWh. Med tiltaka som det vert søkt om aksept for over vil kraftverket kunne produsere ca 5,5 GWh og dette, saman med ei deling av kraftlinjekostnader med Feios kraftverk, kan gjere det muleg å realisere Nyasetdalen kraftverk.

Basert på grunngjevinga over ber Sognekraft om aksept for

- å plassere HRV for inntaket på kote 795
- å plassere stasjonen på kote 443

Ta kontakt viss det er behov for ytterlegare informasjon.

Med helsing
Sognekraft AS


Jacob Hornnes

Vedlegg:

Vedlegg 1
Vedlegg 2

Bilde frå inntaksområdet
Bilde frå stasjonsområdet

Vedlegg 1 Nytt forslag til plassering av inntak

Vedlegg 2 Nytt forslag til plassering av stasjon

